



Notat

Dato: 31.10.2016
Arkivsak: 2015/3001-12
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på oversending - oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trase for E39

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 17.03.2016 er det teke inn følgjande:

Nils Marton Aadland sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet ber Statens vegvesen snarast leggje fram ein oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trasé for E39 Hordfast."

Samferdsledepartementet gav i desember 2013 Statens vegvesen i oppdrag å gå vidare med statleg planlegging av midtre linje. Det er stram framdrift i dette prosjektet, og det er ikkje ressursar til oppgåver som ligg utanfor oppdraget. Eit godt kostnadsoverslag for ei indre linje vil krevje ein god del arbeid.

Då Statens vegvesen i februar 2013 la fram KVVU med val mellom midtre og indre linje var kostnaden omtrent lik, vel 19 mrd.kr for dei to konsept, og med ein usikkerheit på 40 %. Kostnadsoverslaga var frå 2012 og hadde mellom anna ikkje med seg momsauken som kom ved årsskiftet 2012 /2013. Strekninga var frå Jektevik til Svegatjørn. Med prisstigning, momsending og utviding av veglinja vart prisen 27 mrd.kr i Rutevise utgreingar (2015), framleis med usikkerheit på 40 %.

Ved bearbeiding av det midtre konseptet er linjene i kommunedelplanen blitt endra ut frå krav til kurvatur, naturmiljø og kulturminne, og ikkje minst geologiske vurderingar. Nyare kostnadsberekningar har enda på knappe 40 mrd.kr, no med ei usikkerheit på 25 %.

Skal ein gjere tilsvarande kvalitetssikra berekningar for indre linje vil det krevje ein god del arbeid. Ein vil få tilsvarande justeringar grunna stivare linje, natur- og kulturomsyn og med høgare meter-prisar. Ved ei enkel vurdering stipulerer Statens vegvesen at kostnadene ved ei indre linje ligg på same nivå som den midtre løysinga, men det er med ei usikkerheit på 40 % eller meir.